

# Referat frå klasseforeldremøte 7. årssteg

Tysdag 6.september kl. 18.00- ca. 21.00

Referent: Øyvind Sæbø

## Saksliste

### 1. Hilsa på Jonas, vår nye lærar.

Jonas presenterte seg og tok ein liten helsingrunde.

### 2. Heimesida

**Ordensreglar- mobil, sele, dusjing.**

**Aktivitetsskalender**

Ny heimesida til Myking skule. Her finn ein ulike akt.planar og vekeplanar. Generelle linkar, søknader ang fritak m.m. Her er og litt ulike verktøy til lærarane.

Finn og litt info under planar og dokument, blant anna ordensreglar.

Mobil skal ikkje vera med på skulen. Dette skal eventuelt vera avtalt for kvar gong elevar skal ha med seg mobil.

Ungane må huska å ha på seg sele i bussen. Foreldre må sjølv frakta elevar dersom dei ikkje brukar selen i bussen eller på andre måtar ikkje klarar å innretta seg etter reglane som gjeld.

Gje melding dersom elevar ikkje skal dusja i gymmen.

Gje melding om fråvær, fritid, sjukdom osv. Fri frå kroppsøving skal meldast. I dei fleste tilfelle kan eleven delta når lærar tilrettelegg aktivitetane.

### **Info: Utvida timetal,- naturfag – smart camp , «Nytt fag»**

Elevane er no på skulen 6 timar kvar dag. Det er også oppretta eit eige «fag» som er kalla SmartCamp. Her vert det ulike prosjekt der elevane får vera kreative. Faget er basert på naturfag.

### **Mat og helse, 6 timer \* 39 veker i løpet barneskulen i staden for 3 (matematikk + engelsk)**

Engelsk kjem til å verta putta inn i ulike fag, som blant anna mat og helse.

## **Gym - sko og klede+ dusjing**

Gje melding dersom eleven ikkje skal dusja.

### **Lusesjekk, Lus på fleire nabo skular, - Ta lusesjekken på alvor**

Husk lusesjekk. Det er lus på naboskular, så dette må takast på alvor. Ingen tilfelle på Myking skule.

### **Leselekser.- høyr borna dykkar i leseleksa**

Elevane er flinke med lekser, men føresette må ta seg tid til å lesa med ungane. Husk at ein skal lesa til punktum og ikkje til linjestopp. Husk pause ved komma.

### **Trygg skuleveg- skulereglane gjeld på skulevegen, buss, handling på butikken,**

Dei fleste tar buss. Alle må oppføra seg på bussen. Bruk sele på bussen. Hjelm på dei som sykklar. Vaksne må vera forsiktig langs skulevegen og hald fartsgrensene.

Ungane reagerer på bussjåførane. Nokon kjøre for fort og elevane kvir seg å sitta på med den/dei sjåførane.

Det har vore ein hending der ein vanleg passasjer hadde satt sprøyte på bussen. Dette har blitt tatt vidare med selskapet og einingsleiar har ein dialog rundt dette. Nokon snakka og om blotting, men dette kan og ha samband med at sprøyta skulle settast.

Annikken skal undersøka kva rutinar bussjåførane har ved ulike situasjonar og gje melding vidare på dette til foreldre og elevar.

Informert elevane om å gje beskjed om hendingar same dag som det oppstår, enten heima eller på skulen.

### **Klassemiljø. Sosiale leikar, komplimentsirkel, høyre-venstre, speiling, hemmelig ven**

Det er berre 6 elevar i denne klasse. Det sosiale vert derfor enda meir viktig enn i ein større klasse. Ha litt fokus på kven/når/kor ofta det vert invitert nokon med heim. Enkelte foreldre har moglegheit til å vera med heim dersom dette er ønska.

Annikken forklarte fruktleiken som er med på å skapa kroppskontakt. Det er og litt andre leikar som vert brukt for å dela opp skuledagen og timane.

Me fekk sjå bilete frå fiskedagen og overnattinga som vart arrangert ilag med Skodvin skule. Elevane oppførte seg bra heile tida.

I år vart og 7. klasse for seg og 5. og 6. klasse for seg. Litt blanda tilbakemelding på dette.

Kompetansesirkelen er populær. Her skal ein sei noko positiv om den som set ved sida av kvar andre. Dette er ikkje lett, men elevane vert flinkare og flinkare.

## 1. Anna

### **Dersom skuleruta ikkje kjem til vanleg tid.**

På glatte dagar er det mykje fråvær. Nina har tatt på seg og gje melding til foreldra dersom bussane kjem for seint. Pass og på at dersom du køyrer dine ungar, kan det henda at naboane treng same skyss.

Det er ikkje noko regel om at ein frå fri dersom bussen ikkje kjem.

## 2. Føresette si tid

### **Felles føringar: Leggetid, mobilbruk m.m**

### **Sosiale tiltak for klassen i regi av foreldre?**

Ein kort presentasjonsrunde om kven som høyrer til kvar elev.

Annikken og Jonas er lærarar i dei fleste fag med nokre unntak.

Norsk: Jonas, Annikken og Nils

Matematikk: Annikken og Jonas

Engelsk: Annikken og Reidun

Naturfag: Jonas og Annikken

Samfunnsfag: Jonas og Annikken

Smart Camp: Annikken og Jonas

Gym: Jonas og Bjørghild

Musikk og Drama: Bjørghild, Jonas og Reidun

KRLE: Jonas

Det vert musikal framsyning i november. Her er det musikktimane som vert brukt.

Kva synest me om bursdagar? Me er litt usikker... Uskriven regel med at etter fylte 10 år, så er det opp til kvar enkelt.

Ønske om foreldrekveld på kjøkkenet. Spele kveld... Tysdag kan vera ein god dag.

Det er generelt eit greitt miljø i klassen. Alle har sine ting som ein slit med, men elevane har blitt flinkare til å ta omsyn til kvarandre. Lærartettleiken er større i år enn i fjor.

Det er ikkje alltid 2 lærarar i klassen til ein kvar tid. Dette varierer frå time til time. Av og til tar eine læraren ein eller fleire elevar med seg ut av klassen.

*Øyvind og Annikken*

